



Stegjengen klar for ny sesong: Frå venstre står Aslaug Lyse, Astrid Haugland, Randi Guddal Zimmer, Kjersti Bråtun, Janne Hjelmeland, May Kjersti Stensletten, Gunvor Ulebust, Kari Isdal og Anette Sund. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er all grunn til å vera imponert over turngruppa i idrettslaget og kor mange som stiller opp til trim i Aktivitetshuset.
Måndag kveld gjekk startskotet for ein ny sesong og stepdamene var først ute.**

Det var åtte av dei denne første kvelden og dei vonar at dei blir fleire etterkvart. Anette Sund er leiar i år som i fjor. Ho skal også ta seg av aerobic.

Dei som kom måndag er ein trufast gjeng og mest trufast er superveteran Astrid Haugland som ikkje sjøl har tal på kor mange sesongar ho har vore i aksjon med turn og trim i ymse grupper. Men ho meiner det må vera rundt 30!

- Vi er så glad for at ho held ut og er utruleg imponert over den energi ho legg for dagen, seier dei andre trimmarane.

Onsdag held det fram med seniortrim, barnetrim, idrettsskule og aerobic medan gymstick startar opp 11. september.

Ikkje minst er det store forventningar til idrettsskulen som blir organisert med fleire instruktørar i år.

Av Ola Matti Mathisen



Også superveteran Astrid Haugland tar fatt på ein ny trimsesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)